




- 9 OKT. 1991


# ÅRSMELDING 1990

FISKERIRETTLEIAREN I NORDHORDLAND



ARSMELDING FOR 1990  
FISKERIRETTLEIAREN I NORDHORDLAND

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.
  - 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
  - 1.2. Personalet
  - 1.3. Korrespondanse
  - 1.4. Fiskerinemnder
  - 1.5. Møteverksemd i fiskerinemndene
  - 1.6. Fiskerinemndsaker
2. Sysselsettinga i fiskerinøringa.
  - 2.1. Fiskarmanntalet
  - 2.2. Sysselsettinga i foredlings- og videreforedlingsverksemdene
  - 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnøringa
  - 2.4. Avleia verksemd
3. Fiskeflåten.
  - 3.1. Fiskeflåten
  - 3.2. Merkerregisteret
  - 3.3. Konesesjonar
4. Foredling og videreforedling.
  - 4.1. Mottaksstasjonar/tilverknad
  - 4.2. Fiskemjølproduksjon
  - 4.3. Slakteri/pakkeri/filetering/fryseri
  - 4.4. Røykeri- og fiskematprodusentar
  - 4.5. Hermetikkindustri
5. Fiskeoppdrett/akvakultur.
  - 5.1. Oppdrettskonesesjonar i Nordhordland
  - 5.2. Matfisk av laks og aure
  - 5.3. Klekkeri- og setjefiskanlegg
  - 5.4. Marine artar
  - 5.5. Skalldyr
6. Låne- og finansieringskjelder.
  - 6.1. Statens Fiskarbank
7. Tiltak/tiltaksarbeid.
8. Summering.
  - 8.1. Rettleiingstenesta.
  - 8.2. Fiskerinøringa.
  - 8.3. Akvakulturnøringa.



TENESTEDISTRIKT SONE 6, NORDHORDLAND

LINDÅS KOMMUNE :	Areal :	474 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Isdalstø
MELAND KOMMUNE :	Areal :	091 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Frekhaug
MASFJORDEN KOMMUNE :	Areal :	558 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Masfjordnes
AUSTRHEIM KOMMUNE :	Areal :	056 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Mastrevik
RADØY KOMMUNE :	Areal :	111 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Manger
FEDJE KOMMUNE :	Areal :	009 km <sup>2</sup>
	Innbyggjarar pr. 31.12.90 :	
	Administrasjonssenter :	Fedje

## 1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON

### 1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone 6, Fiskerirettleiaren i Nordhordland sitt tenestestedistrikt omfattar følgjande seks kommunar :

- 1263 Lindås Kommune
- 1256 Meland Kommune
- 1266 Masfjorden Kommune
- 1264 Austrheim Kommune
- 1260 Radøy Kommune
- 1265 Fedje Kommune

Fiskerirettleiarkontoret ligg i Knarvik og i tillegg vert det kontordagar på Fedje. I den perioden av meldingsåret som under- teikna har vore tilsatt som fiskerirettleiar, f.o.m. 19.06.89, har kontoret på Fedje vore betjent ein dag i veka fortrinnsvis om fredagane.

Kontoret i Knarvik ligg sentralt til i 2. etg. av Landbrukshuset, like over riksvegen frå Knarvik senter.

Kontoret på Fedje ligg i Fedje Fiskeindustri A/S sine lokaler i Fedje sentrum.

### 1.2. Personalet.

Fiskerirettleiarkontoret i Nordhordland er bemanna med Fiskerirettleiar i full stilling og kontorfullmektig Astrid Blomberg i 1/4 stilling. Underteikna har vore i stillinga som Fiskerirettleiar siden 19.06.89. som vikar for Janet Bakke.

Bakke gjekk pr. 01.01.89 over i interkommunal stilling som Havbrukskonsulent for Nordhordland med førebels engasjement ut 1991. Bakke arbeider med kystsonoplanlegging, og er i tillegg engasjert i prosjektet "samordning/sambruk av geografisk informasjon i Nordhordlandsregionen".

Fiskerirettleiar og Havbrukskonsulent deler konrorlokale, og har også fellesskap med Havbruksveterinæren i Nordhordland, Roar Ektvedt.

Astrid Blomberg tener også som kontorfullmektig for Havbrukskonsulenten og Havbruksveterinæren, henholdsvis 1/4 og 1/2 stilling for kvar, og arbeider soleis full dag ved havbruk/fiskerikontoret.

### 1.3. Korrespondanse.

	1987	1988	1989	1990
Inngående brevjournal	515	525	461	525
Utgående brevjournal	916	1095	787	874

Tala viser at både inngående og utgåande korrespondanse auka frå 1987 til 1988. Nedgangen i korrespondanse frå 1988 til 1989 kan forklarast med at perioden 01.01.89 - 19.06.89 stod stillinga som Fiskerirettleiar open. For 1990 viser både inn- og utgåande korrespondanse ein auke samanlikna med 1989.

#### 1.4. Fiskerinemnder.

I sone 6., Nordhordland, er det 3 ulike fiskerinemnder:  
Fiskerinemnda i Lindås, Meland og Masfjorden  
Fiskerinemnda i Austrheim og Radøy  
Fiskerinemnda i Fedje

##### Fiskerinemnda i Lindås, Meland og Masfjorden.

Magne Stall (leiar)	5167	Ostereidet
Egil Fyllingsnes (nestleiar)	5160	Eikangervåg
Øyvind Holsen (medlem)	5167	Ostereidet
Kurt Solberg (medlem)	5113	Flatøy
Ingar Sandnes (medlem)	5197	Hohsvær
Thorleif Flatøy (medlem)	5113	Flatøy
Ingvar Sleire (medlem)	5190	Risnes

##### Varamedlemar :

Alf Litle-Kalsøy	5122	Alverstraumen
Martin Skomøy	5100	Isdalstø
Olav Brakvatne	5154	Hjelmås
Erik Riisnes	5190	Risnes
Øystein Andvik	5182	Andvikgrend
Hans Landsvik	5112	Rosslund
Klara Hansen	5113	Flatøy

##### Fiskerinemnda i Austrheim og Radøy.

Kristoffer Toska (leiar)	5129	Toska
Aud Marit Halland	5120	Manger
Magnar Fonnes	5153	Fonnes
Marit Daae Hatlem	5130	Austrheim
Rasmus Monslaup	5153	Fonnes

##### Varamedlemar :

Martinus Kvalheim	5125	Bøvågen
Else Liv Dalland	5120	Manger
Roald Langøy	5130	Austrheim
Ingve Leirvåg	5153	Fonnes
Martin Njøten	5130	Austrheim

##### Fiskerinemnda i Fedje.

Oddvar Nilsen Husa (leiar)	5133	Fedje
Ove Nilsen (nestleiar)	5133	Fedje
Oliver Alfredsen (medlem)	5133	Fedje
Haldis Moldøen (medlem)	5133	Fedje
Gunn Sulen Gullaksen (medlem)	5133	Fedje

##### Varamedlemar :

Melborg Stormark	5133	Fedje
Olaf P. Moldøy	5133	Fedje
Dag Stokholm	5133	Fedje
Anny Eriksen	5133	Fedje
Solrunn Gullaksen	5133	Fedje

### 1.5. Møteverksemd i fiskerinemndene.

Tabellane under syner møteverksemda i fiskerinemndene i Nordhordland dei 4 siste åra.

#### Lindås, Meland og Masfjorden Fiskerinemnd

	Antal møter	Antal saker	Sum møtetid
1987	3	25	9.5 timar
1988	5	65	18.0 timar
1989	3	38	9.0 timar
1990	3	39	11.0 timar

#### Austrheim og Radøy Fiskerinemnd.

	Antal møter	Antal saker	Sum møtetid
1987	3	23	6.5 timar
1988	3	37	9.5 timar
1989	2	28	5.0 timar
1990	2	24	6.5 timar

#### Fedje Fiskerinemnd.

	Antal møter	Antal saker	Sum møtetid
1987	5	30	9.5 timar
1988	2	24	8.0 timar
1989	2	21	6.5 timar
1990	3	24	10.5 timar

### 1.6. Fiskerinemndsaker.

Fiskerinemndene i Nordhordland handsama i 1990 tilsaman 87 saker fordelt på 8 møter og total møtetid var 28 timar. Dette er nokolunde dei same tala som for 1989.

Av dei sakene som har vore oppe til handsaming kan nemnast :

Sak	ANNTAL SAKER HANDSAMA		
	L/M/M Fiskerinemnd	A/R Fiskerinemnd	Fedje Fiskerinemnd
Fiskarmanntalet	6	4	2
Søknader til Statens Fiskarb.	2	1	3
Søkn. til Fiskeridirektoratet om ervervsløyve til fartøy	-	-	4
Oppdrettsøknader laks/aure	3	6	3
Søknader vedk. marine artar, torsk og skalldyr	3	-	-
Uttale vedk. søknad om opp- tak av skjellsand	-	1	-
Uttale vedk. sjøkablar og kablar i luftspenn	1	2	-
Uttale vedk. utprøving av seismisk utstyr	5	1	1
Uttale vedk. søknad om ut- leggjing av flytebyggje	4	-	-
Uttale vedk. ymse typer arealdisp. i strandsona	6	2	2

Det har i meldingsåret også vore oppe til handsaming fleire store høyringsskriv som til dømes :

- utkast til beredskapsplan for fisk og marine verdiar i Hordaland,
- regulering av fisket etter norsk arktisk torsk med konv. reiskap i 1990 - kriterier for deltakelsesbegrensing,
- forslag til nye forskrifter for settefisk - marine artar - skalldyr,
- revisjon av Fiskeridir. sin oversikt over biologisk vektege område, og område med stor fiskeriaktivitet,
- regulering av fisket etter anadrome laksefisk.

Det er saker av lokal karakter, som til dømes oppdrettsøknader eller reguleringar i strandsona, som det har vore arbeidt mest med på fiskerinemndsmøtene. Dette er saker som vedkjem nærmiljøet, og derfor fengjer mest interesse hjå nemndsmedlemmene.



## 2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

### 2.1. Fiskarmanntalet

Nedanfor kan ein sjå manntalslistene (liste 1, pr. 31.12.90) for Nordhordlandskommunane fordelt etter aldersgrupper i åra 1988-90. Fiskarmanntalet er delt i blad A og blad B. Blad B omfattar alle dei som har fiske eller fangst som hovudbeskjeftigelse. Med hovudbeskjeftigelse reknar ein at 60% eller meir av den samla brutto årsinntekta må skrive seg frå fiskeri og samstundes må inntekt frå anna næring ikkje overstige 4G (G=folketrygdens grunnbeløp). På blad A finn ein dei personer som har fiskeri som attåttnæring, dvs. dei har brutto årsinntekt frå fiskeri minst tilsvarende 1/2G og brutto årsinntekt frå anna næring ikkje over 4G.

#### Lindås Kommune.

#### Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A	1	1			1	4	11	18	67.80
	Blad B	1	1	4	3	1			10	40.20
	Totalt	2	2	4	3	2	4	11	28	58.00
1989	Blad A		1			2	1	11	15	69.90
	Blad B		1	3	4	1	1		10	42.00
	Totalt		2	3	4	3	2	11	25	58.76
1990	Blad A		1			2		11	14	66.14
	Blad B	2	2	2	6	1	2		15	40.00
	Totalt	2	3	2	6	3	2	11	29	52.62

Sjølv om det bur fleire menneske i Lindås Kommune enn i nokon av dei andre Nordhordlandskommunane, er det her ein finn den lågaste andelen av yrkesaktiv befolkning som har fiske som hovudnæring. Dette har å gjere med at i Lindås Kommune har ein rik og godt utbygd industri og eit pulserande næringsliv. Delar av Lindås Kommune, spesielt Knarvikområdet, ber meir preg av å vere ein by-kommune enn ein land-kommune.

Den industrielle utbyggjinga av kommunen har skapt nye arbeidsplassar og nye yrkesmiljø har gradvis kome til istaden for det tradisjonelle fiskerimiljøet som eksisterte tidligare.

Meland Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A		1						1	29.00
	Blad B	3	1		1	2			7	34.70
	Totalt	3	2		1	2			8	34.00
1989	Blad A									
	Blad B	3	4		1	1	1		10	30.60
	Totalt	3	4		1	1	1		10	30.60
1990	Blad A			1					1	32.00
	Blad B	2	4		1	1	1		9	33.55
	Totalt	2	4	1	1	1	1		10	33.40

Fiskerimiljøet i Meland Kommune er konsentrert til Flatøy. Det var i meldingsåret berre registrert 10 fiskarar, 1 på bl. A og 9 på bl. B i kommunen. Det har ikkje vore nemneverdig utvikling i fiskarmantalet dei 3 siste åra.

Masfjorden Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A			1	1	1	3	2	8	61.90
	Blad B	1	2						3	23.30
	Totalt	1	2	1	1	1	3	2	11	51.40
1989	Blad A	1			2	1	2	3	9	67.10
	Blad B		3						3	24.30
	Totalt	1	3		2	1	2	3	12	54.30
1990	Blad A				2	1	2	3	8	65.87
	Blad B	2	4		1				7	26.43
	Totalt	2	4		3	1	2	3	15	47.47

Masfjorden kan heller ikkje betraktast som ein typisk fiskerikommune i likhet med Meland. Det var i meldingsåret registrert 15 fiskarar i kommunen, med 8 på bl. A og 7 på bl. B. Det er likevel å spore ein viss auke i antal fiskarar i Masfjorden over dei 3 siste åra.

Austrheim Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A						3	6	9	75.40
	Blad B		3		4	4			11	45.40
	Totalt		3		4	4	3	6	20	57.40
1989	Blad A						2	8	10	76.80
	Blad B		3		3	4	1		11	43.90
	Totalt		3		3	4	3	8	21	59.60
1990	Blad A			1			2	6	9	70.44
	Blad B		3	2	2	5	1		13	43.54
	Totalt		3	3	2	5	3	6	22	54.55

Austrheim Kommune består av øyar som ligg ytst i Fensfjorden og var tidligare ein typisk fiskerikommune. I dag er kommunen næraste nabo til raffineriet på Mongstad, og dette naboskapet har tydleg sete preg på sysselsettingsmønsteret i Austrheim. Tilsaman 22 fiskarar, 9 på bl. A og 13 på bl. B var situasjonen i meldingsåret. Dette er ein svak auke frå dei to føregåande åra.

Radøy Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A					2	4	4	10	63.90
	Blad B	1		1			1		3	40.00
	Totalt	1		1		2	5	4	13	58.40
1989	Blad A			1	3	1	3	4	12	62.20
	Blad B		1	2	1		1		5	47.00
	Totalt		1	3	4	1	4	4	17	58.70
1990	Blad A			1	3	1	3	4	12	63.67
	Blad B		1	2	1				4	35.00
	Totalt		1	3	4	1	3	4	16	56.50

Tala for Radøy syner at det berre er registrert 4 heiltidsfiskarar i meldingsåret. Det store oppdrettsmiljøet i kommunen må ta noko av skulda for at det er så få fiskarar att. Oppdrettsverksemda på Radøy vart først skipa av personar frå fiskerimiljøet. Den kraftige veksten innan oppdrett har langt på veg vore betinga av å kunne rekruttere ressurspersonar frå fiskerimiljøet i kommunen.

Fedje Kommune.

Fiskarar fordelt etter aldersgrupper

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-op	Totalt	Gj.sn. alder
1988	Blad A				1	2	14	27	44	73.10
	Blad B	2	3	6	8	4	3		26	43.30
	Totalt	2	3	6	9	6	17	27	70	61.30
1989	Blad A						10	31	41	73.50
	Blad B	1	6	7	9	3	1		27	38.80
	Totalt	1	6	7	9	3	11	31	68	60.00
1990	Blad A	1	1			1	12	26	41	71.78
	Blad B		4	7	8	4	1		24	41.00
	Totalt	1	5	7	8	5	13	26	65	60.42

Fedje står i ein særstilling når det gjeld antal fiskarar, og er utan samanlikning den største fiskerikommunane distriktet. Men også her har det vore reduksjon i antal fiskarar i dei seinare åra. Det er stoggen i kvalfangsten som må ta hovudskulda for at så mange har gått ut or fiskarmanntalet. Samla antal yrkesfiskarar på bl. B har gått tilbake med 3 personar frå 1989 til 1990.

**2.2. Sysselsettinga i foredlings-/vidareforedlingsverksemdene.**

Fangst/produksjon frå fiskeri og havbruk har også gjeve grunnlag for ei rekke arbeidsplassar innanfor foredling/vidareforedling av fisk. I 1990 var det 2 fiskemottak, 3 slakte/pakke/fryse-verksemdar, 4 røykeri, 1 fiskematprodusent og to hermetikkvarefabrikkar. Det er også nokon av oppdrettarane i distriktet som slaktar og pakkar sin eigen fisk, men denne verksemda vert ikkje medrekna i tabellen under.

Antal sysselsatte i dei enkelte verksemdene.

Kommune	Verksemd	Ant.fast syssels.	Ant.syssels. på deltid	Ant. Årsverk
FEDJE	Fedje Fiskeindustri A/S	7	12	10
	Fedje Røykeri A/S	6	2	7
	Norway Foods Ltd.	55	--	45
	Storfor A/S	4	--	4
RADØY	Manger Seafood A/S	8	--	8
	Manger Fiskemat A/S	17	3	18.5
	Stabburet Marine Produkter A/S	21	17	28
	Skjergårdsfisk A/S	7	18	11.5
AUSTR- HEIM	Norway Foods Ltd., Mastrevik	55	--	42
MASF- FJORD	Risnes Fiskemottak	2		2

Det er berre to av verksemdene i tabellen som har er tradisjonelle fiskemottak, dette gjeld Fedje Fiskeindustri og Risnes Fiskemottak. Dei andre verksemdene er reine vidareforedlingsverksemdar.

Som tabellen syner er fleire av verksemdene store arbeidsplassar. Spesielt er det Fedje og Radøy kommunar som har mange sysselsette innan fiskeforedling/vidareforedling. Fedje Fiskeindustri A/S og Norway Foods Ltd. er hjørnesteinsverksemdar som har svært mykje å seia for sysselsettinga i Fedje Kommune.

Totalt antal årsverk innan foredling/vidareforedling var lågare i 1990 enn for 1989. Dette har spesielt vore utslagsgjevande for røykeria, som ikkje fekk igjen den storordren dei hadde året i forvegen.

### 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Tabellen under syner antal arbeidsplassar på matfisk- og setjefisk-anlegga i Nordhordland i 1990

#### Matfiskanlegg

<u>Kommune</u>	<u>Personer</u>	<u>Timer</u>	<u>Årsverk</u>
Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim og Fedje	44	64153	32.08
Radøy	25	46200	23.10

#### Setjefiskanlegg

Lindås, Masfjorden, Radøy og Meland	58.5	90650	45.33
alle	127.5	201003	100.51

Tilsaman var 127 personar direkte engasjert i produksjon av setjefisk og matfisk i Nordhordland i løpet av 1990. Desse personane nedla over 200.000 arbeidstimar, og det vil sei at det tilsaman vart ytt ca. 100 årsverk innanfor produksjon av laks og aure.

### 2.4. Avleia verksemd.

Fiskeri- og oppdrettsnæringa er også med på å skaffe oppdrag for ei rekkje andre verksemdar i Nordhordlandsregionen. Dei mest vesentlege av av desse verksemdene kan i stikkordsform nemnast :

#### Lindås Kommune :

Mundal Båtbyggeri  
Hjelmås Slipp & Mekaniske A/S  
Leiknes Motor og Mek.  
Plastinvest A/S  
LK Sellevold plastindustri  
Lintron A/S  
Helgesen Rørleggerfirma A/S  
Marin Kultur A/S  
BNR A/S  
Grieg Transport A/S  
Mongstad Base A/S  
Knarvik Yrkesklær A/S

Meland Kommune :

Frank Mohn A/S  
Frekhaug Støperi A/S  
ABL Båtutstyr A/S  
Vest-Seil A/S

Masfjorden Kommune :

Maran Utvikling A/S

Austrheim Kommune :

Mastrevik Mekaniske A/S  
Fonnes Mekaniske A/S  
Mongstad Elektro A/S  
Magne Hope A/S  
Tobias Plastindustri A/S  
Nordhordland Transportkontor A/L

Radøy Kommune :

Fiskenett A/S  
Vikingnett A/S  
Radøy Mekaniske A/S  
Kvalvik Trading A/S  
Remote System A/S  
Total Subsea A/S  
Spenncon A/S

Fedje Kommune :

Fedje Mekaniske Verksted A/S  
Fedje Treningssenter A/S

### 3. FISKEFLÅTEN.

#### 3.1. Fiskeflåten.

Pr. 31.12.90 var det registrert tilsaman 123 fiskefarty i Nordhordland. Fire farty er i størrelsen 20 - 30 meter, tre nordsjø-trålarar, og eit brislingfarty. I tillegg kjem også to andre farty som driv kyst- og fjordfiske etter brisling. Resten av fiskeflåten består hovudsakleg av sjarkar i størrelsen 5.0 - 6.0 meter som driv tradisjonelt kystfiske.

#### 3.2. Merkerregisteret.

Nedanfor finn ein tabeller for merkerregisteret i dei einsskilde kommunane pr. 31.12.90 :

##### Merkerregisteret i Lindås Kommune.

	LENGDE I METER					Total	
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9		Ov.30
Pr.1/1	1	15	2			1	19
Avgong						1	1
Tilgong		1					1
Pr.31/12	1	16	2				19
<b>BYGGJEAR</b>							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49		1					1
1950-59		1					1
1960-69		4					4
1970-79		6	1				7
1980-85		3	1				4
Etter-85							
Ukjendt		1					1
Totalt		17	2				19

##### Merkerregisteret i Meland Kommune.

	LENGDE I METER					Total	
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9		Ov.30
Pr.1/1		3	3	1			7
Avgong		1	1				3
Tilgong		1					1
Pr.31/12		3	2	1			6
<b>BYGGJRAR</b>							
Før 1929							
1930-39							
1940-49				1			1
1950-59							
1960-69		2	1				3
1970-79							
1980-85							
Etter-85							
Ukjendt		1	1				2
Totalt		3	2	1			6

Merkeregisteret i Masfjorden Kommune.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1		9	2				11
Avgong		1					1
Tilgong		1					1
Pr. 31/12		9	2				11
BYGGJEAR							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49							
1950-59		3					3
1960-69		3					3
1970-79		1					1
1980-85		1	2				3
Etter-85							
Ukjendt							
Totalt		9	2				11

Merkeregisteret i Austrheim Kommune, 31.12.89.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1	2	15	1			1	19
Avgong		1					1
Tilgong		1					1
Pr. 31/12	2	15	1			1	19
BYGGJEAR							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49		1					1
1950-59		2					2
1960-69		2				1	3
1970-79	1	5					6
1980-85		3	1				4
Etter-85							
Ukjendt							
Totalt	2	15	1			1	19



Merkeregisteret for Radøy Kommune.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1	1	15					16
Avgong							
Tilgong	1	1					2
Pr. 31/12	2	16					18
BYGGJEAR							
Før 1929							
1930-39							
1940-49		1					1
1950-59		3					3
1960-69	1	3					4
1970-79		3					3
1980-85	1	2					3
Etter-85		4					4
Ukjendt							
Totalt	2	16					18

Merkeregisteret for Fedje Kommune.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
Pr. 1/1	1	44	1		2	1	49
Avgong		2	1				3
Tilgong		3	1				4
Pr. 31/12	1	45	1		2	1	50
BYGGJEAR							
Før 1929							
1930-39		1					1
1940-49		3					3
1950-59		7			2	1	10
1960-69	1	19	1				21
1970-79		10					10
1980-85		4					4
Etter-85							
Ukjendt		1					1
Totalt	1	45	1		2	1	50

Samla antal merkeregistrerte fiskefarty i Nordhordland, 31.12.90.

	LENGDE I METER						Total
	0.0-4.9	5.0-9.9	10.0-14.9	15.0-19.9	20.0-29.9	Ov.30	
BYGGJEAR							
Før 1929							
1930-39		4					4
1940-49		6		1			7
1950-59		16			2	1	19
1960-69	2	32	2			1	37
1970-79	1	25	1				27
Etter-79	2	18	5				25
Ukjendt	1	3					4
Totalt	6	104	8	1	2	2	123

### 3.3. Konesesjonar.

Tabellen under syner kva for konesesjonar i fiske det fantes i dei enkelte kommunane pr. 31.12.90.

Kommune	Ringnot	Torske- trål	Indust./ nords.	Reke- trål	Lodde- trål	Brisling reg.
Lindås						
Meland						2
Masfjorden						1
Austrheim	1				1	
Fedje			3		1	

4. FOREDLING- OG VIDEREFREDLING.

4.1. Fiskemottak.

Det var i meldingsåret to fiskemottak i drift i Nordhordland:

Fedje Fiskeindustri A/S, Fedje Kommune,  
Risnes Fiskemottak, Masfjorden Kommune.

Støldal Fiskemat A/S har i meldingsåret inngått avtale med Nordhordland Fiskarlag for avhenting av fisk frå kjølerom på Isdalstø. Det er gjeve spesiell dispensasjon til dette frå Vest-Norges Fiskesalslag. Dei fleste av yrkesfiskararne i Lindås på Radøy benytter seg av dette, og avtalen ser ut til å fungere bra.

Tabellen nedanfor syner kor mykje fisk som vart levert ved dei to mottaksstasjonane til Vest Norges Fiskesalslag i Nordhordland 1990.

Fiskeslag	Motteke kvantum (kg.)	
	<u>Fedje Fiskeindustri A/S</u>	<u>Risnes Fiskemottak</u>
Torsk, kappet	2082	6769
Torsk, kp. overst.		630
Sei, kappet o/43 cm.	6815	28538
Hyse, sl/mh o/9 hg.	797	30
Lyr, kappet	1345	6769
Lange, kappet	3228	14625
Lange kappet umuls.	138	
Blålange, kappet	23	1516
Brosme, kappet	5566	21712
Steinbit, kappet	617	572
Pigghå, rund	1424	7501
Uer, sliset m/hode	79	
Hyse, kappet o/7 hg.	680	4722
Hyse, kappet u/7 hg.	19	215
Sk. sei, kp. u/43 o/3.5	25	1
Havål, kappet	30	8
Kveite, sl. m/hode	5	38
Kveite, kappet	93	363
Flyndre/Lombre sl. m/h.	106	106
Skate, skåret	316	192
Lysing, sl. m/hode	481	163
Breiflabbhaler	1171	660
Torskerogn, prima		266
Anna rogn (sekunda)		100
Div. fisk m/hode	13	3381
Langerogn, prima		137
Sk. sei sl/m. hode o/4	468	2267
Levende pale o/7 hg.		2141
Lev. pale u/7 hg.		699
Levende torsk		616
Hummer, prima	107	6
Hummer, sekunda	90	18
Uer, kappet	301	92
Uer, rund	125	813
Torsk, kp. fersk anv.	2701	4552
Torsk, sl/m/hode fer. anv.	43	
Krabbe, kg. konsum		105
sum kg.	28894	119327

Tilsaman vart det ved dei to fiskemottaka teke imot fisk til ein førstehandsverdi av kr. 1.091.273,-.

Støldal Fiskemottak A/S melder om følgjande mottak f.o.m. 24.08.90 - 31.12.90:

<u>Fiskeslag</u>	<u>Motteke kvantum</u>
Sei	3386 kg.
Lyr	1054 kg.
Hyse	193 kg.
Brosme	785 kg.
Lange	269 kg.
Torsk	109 kg.
Breiflabb	21 kg.
Tilsaman motteke	5817 kg.

Ragnvald Våge ved Ålemottaket på Litle-Lindås melder at der vart det levert over 20.000 kg. ål i 1989. Samanlikna med tidlegare år, då han har teke imot mellom 15 - 17 tonn ål kvart år, vart 1989 eit særskilt bra år. Diverre vart leveringstala for 1990 mykje lågare enn året føre, melder Våge.

#### 4.2. Fiskemjølproduksjon.

Storfor A/S held til på Fedje og driv produksjon av mjukfor som går til oppdrettsanlegga. Råstoffa til mjukforet er diverse mjøl-sortar, frosen sild/brisling og ensilasje frå fiskeindustri. Storfor A/S hadde ei omsetning på 5.5 millionar kroner i 1989.

#### 4.3. Slakteri/pakkeri/filetering/fryseri.

Fedje Fiskeindustri A/S har i dei seinare år konsentrert si verksemd om produksjon, slakting, pakking og frysing av laks og lakseprodukt. Slakte- og pakkeanlegget er moderne, og tek imot laks frå Fedje, Radøy og Øygarden. Fedje Fiskeindustri A/S hadde i 1990 ei total omsetning på 17.5 millionar kroner og mesteparten av dette skreiv seg frå produksjon, slakting og pakking av laks. I 1990 vart det totalt slakta 970 tonn laks, derav var 416 tonn frå eigen produksjon. Ca. 60 % av slaktevolumet vart levert frå oppdrett lokalisert på Fedje. Fedje Fiskeindustri har vore med på F.O.S.'s innfrysingsordning, noko som resulterte i ein bra utnyttelse av anleggets innfrysings- og lagringskapasitet. Av kvitfisk vart det teke imot og omsatt ca. 30 tonn, og av makrell til fersk anvendelse ca. 20 tonn.

Skjærgårdsfisk A/S på Marøy, Radøy Kommune driv produksjon, slakting og pakking av laks og aure. Dei har overteke ein del slakting og pakking etter Stabburet Marine Produkter A/S, etter at desse slutta med denne verksemda f.o.m. 1990.

#### 4.4. Røykeri og fiskematprodusentar.

Stabburet Marine Produkter A/S held til i tidlegare Bjelland Hermetikkvarers lokaler i Bøvågen. Bedrifta vart starta opp i august 1987 og har spesialisert seg på produksjon av røykelaks og andre lakseprodukt, samt røykt makrell. Stabburet Marine Produkter A/S dreiv tidlegare også slakte- og pakkeanlegg for laks, men dette vart avslutta f.o.m. 1990. 1990 vart resultatmessig ikkje like bra som 1989 grunna ei storordre på røykelaks som ikkje vart fornya. I meldingsåret vart det satsa mykje på konsolidering av faste kundeforhold, og Stabburet ser med forsiktig optimisme fram til resultatet for inneverande år.

**Fedje Røykeri A/S** er eit moderne røykeri for laks der majoriteten av aksjane vert eigd av Manger Seafood A/S. Omsetnaden for 1990 vart redusert samanlikna med 1989, grunna ei storordre som uteblei. Fedje Røykeri A/S har saman med Manger Seafood A/S og Herdla Fiskemat A/S skipa eige salsselskap for lakseprodukt, Sea Eagle A/S. Salsselskapet har kontor i Bergen og retter seg hovudsakleg mot den franske marknaden.

**Manger Fiskemat A/S** er storprodusent og seljar av fiskebollar, fiskepuddig og div. fiskemat. F.o.m. 1990 vart firmaet omorganisert slik at laksedelen vart utskilt som eige firma Manger Seafood A/S, mens den opprinnelege fiskematverksemda held fram under Manger Fiskemat A/S. 1990 har vore eit normalt år med ein total omsetning på 21 millionar kr. av fiskeprodukt.

**Manger Seafood A/S.** Etablert i byrjinga av 1990 då Manger Fiskemat A/S skilte ut laksedelen til eige firma. Manger Seafood A/S står fram som ei moderne utrusta bedrift for røykelaks og andre lakseprodukt. Omsetninga i 1990 var på nærare 40 millionar kroner. Bedrifta er eigar av Fedje Røykeri A/S, og har saman med Herdla Fiskemat A/S eige salselskap, Sea Eagle A/S.

#### 4.5. Hermetikkindustri.

**Norway Foods Ltd., Fedje (sardinproduksjon)** held til i tidlegare Chr. Bjellands bedriftslokaler på Fedje. Produksjonen for 1990 var nokolunde den same som i 1989, ca. 55.000 skjepper.

**Norway Foods Ltd., Mastrevik** er den andre av Norway Foods's to hermetikkvarefabrikkar i Nordhordland. Produksjonen i 1990 var den same som for fabrikk på Fedje. Grunna råvaremangel og behov for å rasjonalisere, har Norway Foods Ltd. sett seg naudsynt til å leggje ned produksjonen ved enkelte av sine fabrikkar. Dette har resultert i at produksjonen ved fabrikk på Mastrevik, vart stogga i vår (inneværande år), og alle dei 55 tilsette vart oppsagte.

### 5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR.

#### 5.1. Oppdrettskonsesjonar i Nordhordland

Tabellen under syner korleis konsesjonane i Nordhordlandsregionen er fordelt mellom dei enkelte kommunane.

KOMMUNE	KONSESJONSTYPE			
	Matfisk	Settefisk	Stamfisk	Marine artar
Lindås	1	4	1	2
Meland	2	3	1	2
Masfjorden 1)	4	6	1	3
Austrheim	2			
Radøy	8	3		2
Fedje	5			5
SUM	22	16	3	14

Tabellen nedanfor syner tillete konsesjonsvolum, -antal for kvar kommune når det gjeld stamfisk, setjefisk og matfisk av laks og aure.

KOMMUNE	KONSESJONSTYPER		
	Matfisk	Setjefisk	Stamfisk
Lindås	12.000 m3	1.280.000 stk.	4.000 m3
Meland	15.000 m3	1.250.000 stk.	1.000 m3
Masfjorden 1)	44.000 m3	3.400.000 stk.	4.000 m3
Austrheim	24.000 m3		
Radøy	84.000 m3	625.000 stk.	
Fedje	56.000 m3		
SUM	235.000 m3	6.555.000 stk.	9.000 m3

1) Fiskeridirektoratets forsøksstasjon i Matre er ikkje medrekna.

### 5.2. Matfisk av laks og aure.

Ved utgongen av 1990 var det tilsaman 22 matfisk-konsesjonar for laks/aure i Nordhordland. Det samla konsesjonsvolumet i matfiskanlegga var på 235.000 m3. Tilsaman vart det slakta ca. 4020 tonn laks og aure, til ein samla verdi til 120 millionar kroner frå matfiskanleggai Nordhordland i 1990.

Tabellen nedanfor syner mengde og verdi av den laks/aure som vart slakta frå anlegga i Nordhordland i 1990.

KOMMUNE	SLAKTA MENGDE KG.	VERDI AV SLAKTA MENGDE
Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim og Fedje	2.334.939	66.606.000,-
Radøy	1.684.806	53.511.000,-
SUM	4.019.745	120.117.000,-

### 5.3. Klekkeri- og setjefiskanlegg.

Ved utgongen av 1990 var det 16 konsesjonar for klekkeri- og setjefiskanlegg i Nordhordland med ein samla kapasitet på 6.555.000 stk. setjefisk (laks/aure). I 1990 var 9 anlegg i drift, og det vart tilsaman selt 3.252.500 stk. yngel/setjefisk til ein verdi av 26.5 millionar kroner.

Tabellen under syner sum antal selde setjefisk (1000 stk.) frå anlegga i Nordhordland, og verdi av salget (1000 kr.).

KOMMUNE	ANTAL SELD	VERDI AV SELD ANTAL
Lindås, Masfjorden, Radøy og Meland	3.252'	26.652'

#### 5.4. Marine artar.

Av tilsaman 14 konsesjonar for oppdrett av marine artar var det berre 2 anlegg som var skikkeleg i drift ved utgongen av 1990. Dette er Sea Farm sine to marine anlegg i Masfjorden, eit stamfisk-anlegg for torsk, piggvar, kveite og steinbit, og eit setjefisk-anlegg.

Statoil, Mongstad har klare planer om å nytte varmt spillvann frå produksjonen til oppdrett av marine artar frå sydlegare farvatn. Dette skal verte eit landbasert anlegg.

#### 5.5. Skalldyr.

Pr. 31.12.90. var det registrert 7 skalldyrkonsesjonar i Nordhordland, og alle var konsesjonar for oppdrett av blåskjell eller østers. Etter det ein kjenner til ved fiskerikontoret, er det drift ved berre 1 av konsesjonane. Den spede aktiviteten skuldast manglande heimemarknad, og at det vert for vanskeleg og dyrt å kome seg inn på den utanlandske marknaden.

### 6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

#### 6.1. Statens Fiskarbank.

Tabellen under syner omsøkte og innvilga lån i Statens Fiskarbank i 1989.

<u>Antal</u>	<u>Søknadstype</u>	<u>Omsøkt (1000 kr.)</u>	<u>Tilsagn (1000 kr.)</u>
1	Nybygg	200	150
1	Brukt farty	455	455
1	Reiskapslån	80	---
2	Søkn. om tiskott	3241	2600
1	Rentestøtte	69	69

## 7. TILTAK/TILTAKSARBEID.

Rettleiarkontoret har ingen særskilt plan for tiltaksarbeid som det skal arbeidast etter. Dei tiltak som har vore lagt mest vekt på er hovudsakleg arbeid i tilknytning til oppdrettsnæringa. I november vart det arrangert PR-framstøt for oppdrettsnæringa i Nordhordland. Meininga med det opne møtet, som vart arrangert på Radøytunet, var at folk flest skulle få vite sanninga om oppdrettsnæringa, og kor stor betydning ho har for distriktet. I takt med den aukande miljøbølgja har oppdrettarane fått oppleve usakleg kritikk og hetsing. Rettleiarkontoret deltok aktivt i planleggjinga av møtet og bistod med nyttig informasjon og statistikkar.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt godt samarbeid med Havbruksveterinæren og delteke i arbeide med plan for oppdrettarane på Fedje, for å hindre/reduere smittepresset frå ILA (infeksiøs lakseanemi).

Det har vore lagt mykje vekt på arbeide med å finne mest hensiktsmessige lokaliseringar for oppdrettsanlegga.

Fiskerirettleiaren har også samarbeidd med Havbrukskonsulenten i arbeidet med kystsoneplanen og kartleggjinga av fiskeplassar.

Det kan elles nemnast at kommunane Lindås, Meland, Masfjorden, Osterøy, Austheim, Radøy og Fedje har interkommunalt tiltakskontor. Fedje har i tillegg eige tiltakskontor.



## 8. SUMERING.

### 8.1. Rettleiingstenesta.

Rettleiingstenesta i Nordhordland hadde i 1990 tilsaman 8 møter med fiskerinemndene. Det vart handsama 87 saker og vart brukt tilsaman 28 timar møtetid.

Dei saker som det har vore arbeidd mest med ved kontoret, kan i stikkordsform nemnast:

- oppdrettssøknader og andre saker vedk. havbruk
- fiskarmanntalet,
- generell informasjon til utøvarar av fiskeri og havbruk
- innhenting av data til ymse statistikkar,
- tilrettlegging av div. søknader til Fiskerisjefen og Fiskeridirekt. vedk. fiskeriaktivitet,
- div. brevskriving for personar innafor fiskeri- og havbruksnæringa.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret delteke i fleire befaringar og møter vedk. havbruksnæringa i distriktet.

### 8.2. Fiskerinæringa.

Nordsjøtrålarane på Fedje har hatt eit dårleg år. Desember -89 og dei 3 første månadane i 1990, vart prega av det særskilde dårlege veret. Dette og vidare dårlege fangstresultat utover i året har ført til at nokon av utøvarane har fått problem med inntjeninga på båtane.

Fedjingane har i tillegg brukt sommarmånadane til fangst av brugde. Ein av dei 3 båtane som deltok fanga tilsaman 25 dyr.

Dei få fartya som deltok i brislingfisket fekk heller ikkje noko særskilt godt resultat grunna det manglande innsiget.

Kystfiskarane, sjarkar under 13 m.l.l. har fiska nokså jamnt i 1990 samanlikna med dei siste åra. Dette er hovudsakleg eldre, einmannsbetjente båtar utan store kostnader. Men det vert uansett hardt å livnære seg som sjarkfiskar på blad B i Nordhordland.

Fiskeflåten i distriktet mista i meldingsåret torsketrålararen "Nessefjord". Fartyet som var registrert i Lindås Kommune, er selt og registrert i Finnmark fylke.

"Fjordlys" som i meldingsåret vart levert ny i frå Mundal Båtbyggeri A/S på Hjelmås, og registrert i Meland Kommune, er eit interessant tilskott til fiskeflåten i Nordhordland. Den er bygd som katamaran på 9 m.l.l., og skal nyttast til fjordfiske etter sei, sild, brisling og makrell.

### 8.3. Akvakulturnæringa.

Med opptil 200 arbeidsplassar tilknytta produksjon av laks og aure (medrekna foredling og vidareforedling), og med ein samla omsetning på ca. 150 millionar kroner i 1990, må oppdrettsnæringa kunne seiast å vere viktig for Nordhordland. Svært mykje av arbeidet ved rettleiingskontoret er tilknytta oppdrettsverksemd.

Dette er arbeid som, tilrettelegging og sakshandsaming av søknader, deltaking på div. møter, formidling/innhenting av informasjon til/frå utøvarane, for å nemne dei viktigaste arbeidsområda. Lønnsemda i næringa har hatt ein negativ kurve i dei siste åra, og denne held fram i 1990. Det har vore ei auke i produksjonskostnadane samstundes som prisane på produkta har gått ned. Sjukdoms-problematikk, særskilt med tanke på furunkulose og ILA, har også gjort sitt til å halde liv i ein negativ trend gjennom meldingsåret. I kjømda av den intense miljødebatten ikring oppdrettsverksemd, har det kome til ei rekkje nye forskrifter, som i mange høve har auka utgiftsbyrda for oppdrettarane.

Det mange negative trekka må likevel ikkje overskugge det positive som har skjedd i meldingsåret. På Fedje har til dømes oppdrettarane gjennomført ein felles saneringsplan for å verte kvitt ILA-smitten. Saneringsplanen vart følgd opp med ein søknad om felles driftsplan og samlokaliseringar for dei 4 konsesjonane som er i drift. På Radøy starta planlegginga av ein liknande saneringsplan som den ein gjennomførte på Fedje. På Radøytunet vart det arrangert arrangementet "PR-framstøt for oppdrettsnæringa".